

Retting i Læreplan i vg3 børsemakarfaget

Rettinga gjeld læreplanen med kode BMF03-02.

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 28.06.2022

Teksten om vurderingsordning frå høyringa av læreplanen falt ut av den publiserte læreplanen. Dette er nå retta opp.

Teksten var: "Før fagprøva må alle som ikkje har følgd normalt opplæringsløp, ha bestått ein skriftleg eksamen laga ut frå læreplanen i faget. Eksamen blir utarbeidd sentralt og sensurert lokalt. Eksamen skal ikkje ha førebuingssdel. Opplæringa i vg3 børsemakarfaget skal avsluttast med ei sveineprøve. Alle skal opp til sveineprøva, som skal gjennomførast innanfor ei tidsramme på minst femten yrkedagar."

Teksten er retta til: "Opplæringa i vg3 børsemakarfaget skal avsluttast med ei sveineprøve. Alle skal opp til sveineprøva, som skal gjennomførast innanfor ei tidsramme på minst femten yrkedagar. Før sveineprøva må alle ha bestått ein skriftleg eksamen laga ut frå læreplanen i faget. Eksamen blir utarbeidd sentralt og sensurert lokalt. Eksamen skal ha førebuingssdel. Før sveineprøva må alle som ikkje har følgd normalt opplæringsløp, i tillegg ha bestått ein tverrfagleg skriftleg eksamen laga ut frå læreplanen i vg2 børsemakar. Eksamen blir utarbeidd sentralt og sensurert lokalt. Eksamen skal ha førebuingssdel."

[Sjå læreplanen](#)